



Eli Korsfur  
Hestegjerdet 10  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3190 - 19/1718

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
17.01.2019

## Ferdigattest to terrengmurar - gbnr 108/362 Lindås

### Administrativt vedtak. Saknr: 050/19

**Tiltakshavar:** Eli Korsfur  
**Ansvarleg søkjar:** Mette Kyed Thorson  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 15.02.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.01.2019.

### Skildring

Adresse:	Hestegjerdet 10
Bygningstiltak:	2 terrengmurar

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for to terrengmurar oppført mellom bustad og kommunal veg på gbnr 108/362.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3190

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bjørn Harald Korsfur  
Eli Korsfur  
Mette Kyed Thorson

Hestegjerdet 10 5955  
Hestegjerdet 10 5955  
Kvalen 16 5955

LINDÅS  
LINDÅS  
LINDÅS